



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2964 - 19/283

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
04.01.2019

Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 58/35 Lygre indre

Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 58/35 Lurevegen 1238
Tiltakshavar: Arne Aase
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Saka gjeld søknad om tilbygg til fritidsbustad. Omsøkte tilbygg vart sendt til uttale til Fylkesmannen i Hordaland den 28.11.2018.

Planstatus

Eigedomen ligg innafør det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er sett av til LNF-føremål.

Administrativ handsaming

Det er i denne saka fatta følgjande vedtak:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og § 1-8 i plan- og bygningslova for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 a vert det gjeve løyve til tilbygg til fritidsbustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart datert 27.09.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.»

Vurdering går fram av vedtak, sjå vedlegg.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Ingrid Bjørge Pedersen på e-post ingrid.bjorge.pedersen@lindas.kommune.no eller på telefon 56375878.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad - gbnr 58/35 Lygre indre

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER